Førsteblad

1

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 9

Tilleggsspørsmålnr.

Emne: Lauving

Oppskr. av: Gunhild Å. Smeland

(adresse): Åseral

Fylke: Vest Agder

Herad: Åseral

Bygdelag: Åseral

Gard: Smeland

G.nr. 25 Br.nr. 2

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

A. Lauv som rispes av trærne

1. Her lauvast enno. Lauv-recknast for godt for

2. Rispa lauv gjer ein so snart lauvet er vaksi ein våren.
Kjerva tek ein til med kring jonsok og kan halda på til lauvet fell av ein hausten.
Osp, rogn, bjørk og eik. Osp og bjørk er det mest vanlege
Lauving (a laua)

3. Til bjørk vert nytta vanleg sigd ikkje noko å böja med kvistene med. Bare bjørk vert rispa med hand osp, rogn og eik bryt ein kvistene av. Ikkje noko til å beskytte handa med.

4 For ein 40-50 år sidan brukte ein å kylla osp. Ikkje serskilde kylletre, bare dei som var lagelege kvistar på. Kylle (a kjydda.)

5. Dei gamle husgsar ikkje dei brukte nokon serskilt ting til å rispa i

3168

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

det var enten i bötta eller ein sekk.
Hakkar ein bjørkelauv i lause kvistar
må det vera solskin, so ligg det
på bakken ein dagen, so kan det
fakast inn og leggjast i ein stade
(haug) og so stöör ein litt salt
på. Når ein tek dette att um vinteren
hev ein det i ei bötta og slær varmt
vatn på, so vert kvistane mjuke
att og kyrne et upp kvistar og alt.
Osp og anna som vert lauva i
kjervar må det og vera godt ver
til, men det tek ein inn i hus
med same enten i böa heime eller
i utlöör. Kjervane reknast i hundra
6. For det meste vert det köyrt heim
på vinterföre i likhet med höyet.
Frå lauvplassen til löa, vert det
tidt bore i bærtog (eit bjørtag)
15 kjervar i kvinnebyrd
20-25 i mannebyrd
7. Det lauvast både i innmark
og utmark. Karane högg med treet
og kvistar det, kvinnane bryt av
smakvistane og lagar til kjervar.
8. Det ein lauvar i håballen vert
liggjande under höyet.
Hest, ku, sau og geit får lauv
Til kyr 1 eller 2 kjervar til dagen
9. Bjørk og osp
10-11-12-13-14-15 Alle desse måtar ukjendt.
B. Lauv som vakast saman
1. Daulauv
2. Slikt lauv vert ikkji vako saman

3168

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING